Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | |
|---|---|
| Emnenr. | Fylke: Rogaland |
| Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand |
| Emne: | Bygdelag: Espedalen, Högsfjord |
| Oppskr. av: Leif Moe | Gard: Moe |
| (adresse): Helle i Högsfjord | G.nr. 54 Br.nr. 1–2 |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
Etter som gamle folk har fortalt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dei eldste mûsikinstrûment som vart brûka her i Högsfjord og elles i Rogaland, ûmfram blåseinstrûment, er trûleg mûnnharpa. Det var smedane kring i bygdene som laga dei, og kråmkarane förde dei kringom for salg. Med desse spela dei slåttar til smådans i stovene, der ûngdomen samlast. Eller i jolelag og gjestebod.



Men i dei store brûdlaup, som kûnne vara fleire dagar og netter på rad, då var det fela som vart gjevaste. Kor tidleg fela kom i brûk her veit me ikkje for visst. Trûleg vart dei innförde frå ûtlandi frå fyrst av, og sidan

1789

 

etter likna og laga i bygdene.
Skulle det verta retteleg godt
spela, laut ein hogga bruvyrkje jal-
aftan meinte dei gamle. Og so
skulle det liggje i rennande
vatn eit år, for å malma seg og
hardna, og for å brekkje ut alt
sytlag i treet. Då fyrst vart det
retteleg klangfullt, meinte dei.
Bogane vart laga av hestefaks,
og hatle-tein til stong.

Trumme vart ogso brukta mykje
i brudlaup i gamle dagar.
Desse laga dei gjerne av hole
linne eller ospe-skeivar, som
vart spikka tunne og forma
som ein vid holk, og so skrama
dei geitskinn over "loggane".
Desse kunde skralla ganske
kraftig når dei slog takten til
bruremarsjen. Til vanleg vart
dei helst brukta til å skræme
skrubb og bjønn med. Til dette
bruk vart ogso laga larme-
instrumenter, eller "marre-
skralla" som dei og kallast.



Marre-skralle



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bukkehorn vart ogso mykji brukka som blåseinstrumenter. Det vart mest brukka av gjetarane som ferdast i skog og fjell med buskapen. Og på sjö=gardane ved fjordane vart det ogso brukka som signalhorn til å kalla saman bygdefolket til notlag når kvalen jaga brisling=stimane under land.
Men fjellfolk og hjuringar brukta gjerne å setti tunge i bukkehodn, og so tri eller fere fingerhol, som dei spela tonar på. Desse kalla dei „Luhodn", eller „Lyarhodn". Dei sneida munnstykket på skrå og batt ei tunn tre-spik inntil med ein tråd, eller messingband, som dei då opna eller lukka med tennerne etter som ein vilde ha höge eller låge tonar.



Langeleir vart ogs brukka her i bygdene. Dei vart laga av tre=emne som var rake og greie i veden, som osp eller or, eller og furu. Gran skulle vera best,



./.

men verre å få tak i her vest. Dei klöyva treverket etter midten, og skar ei tunn renna etter margen på kvar sida, slik at det vart hol frå munnstykket og utetter når dei sette det saman. I ytre enden var den forma som ei vid skålforma trakt. Luren skulle helst vera noko tunn skulle han låta godt, og samanbindinga hadde mykje å segja. Dei var ei hendig kunst å kunna omvikla den med "treröter", som var fint lagde, "teger" som dei kalla. Lim vart aldri bruka. Skulle han bli tett, laut han leggjast i vatn, for å trutna, då let han best. Ein god Langelur kan på fjellet lydast omlag ei mil i rett lina.

Då dei religiöse sterktruande fekk so stort tak millom bydefolket her, vart det mest slutt med all visesong og spel. Slikt vart dömd som synd. Selg vart jola sett på som eit satans reidskap. Mange gode innstrument vart öydelagde og oppbrende. Den musikalske sansen i bygdene vart dermed öydelagd, og med det opna dei vegen for trekkspel og dårleg bymusik, som kom i staden for det ekte bygdenasjonale. 1789

Leif Molle

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1789